



Rune Wiig Espetvedt
Ådlandsvegen 531
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2281 - 15/17939

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
30.09.2015

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg til bustad på gbnr 40/33 på Espetveit

Administrativt vedtak. Saknr: 354/2015

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-4 journalført 2.9.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg til bustadhus på 39 m² på gbnr 40/33 på Espetveit.

VURDERING

Lov- og planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som Landbruk, natur og friluftsråd (LNF). Eigedommen er opplista i tabell 9.1 *Bygde bustadeigedomar med status som LNF-spreidd bustad*. Tilbygg på 39 m² er i tråd med eksisterande bruk, og er fritatt for krav om dispensasjon (Kommuneplanføresegn 3.2.1) frå LNF-føremålet i kommuneplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 19.8.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke nokon merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 30.9.2015

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte snitt, plan og fasadeteikningar stempla godkjent 30.9.2015. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket vert vidare vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedomar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 og dei rammar som elles er sett for tiltaket i KPA.

Utnyttingsgrad, parkering og utandørs opphaldsareal:

Kommunen krev at einebustader skal ha parkeringsdekning for to bilar. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 30%. Vedlagt situasjonskart viser at eigedommen stettar kravet.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 løyve til tilbygg på 39 m² på gbnr 40/33 på Espetveit, i samsvar med søknad journalført 2.9.2015. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla godkjent 30.9.2015.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.
Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.
Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20151001102800

20151001102819

20151001102833

Mottakere:

Rune Wiig Espetvedt

Ådlandsvegen 531 5918

FREKHAUG